# Fjell kyrkjeblad

Utgave 3
2016

## Tid for undring, spørsmål og tru

Side 9



Misjonær i Himalaya
Side 4-5



Felles gospelprosjekt
Side 6



T-dagar for alle
Side 10-11

**UTGJEVAR** Fjell kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut 6 gonger i året og kostar kr 200,- pr. år.
For utanbygds: kr 250,-.

**Bankgiro, Kyrkjebladet**
8580.14.09461

**Bankgiro, Fjell kyrkjelege fellesråd**
8580.14.09453

**Ansvarleg redaktør**
Borghild Hustad Berge

**Grafisk design**
Apelthun House Ltd

**Trykk**
Molvik grafisk AS

**Forsidebilde**
Foldnes kyrkje. Foto: Ingalis A. Malmo

**Kyrkjekontoret**
Postboks 184, 5342 Straume

**Telefon**
55 09 74 40

**E-post**
post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Besøksadresse**
Tytebærbrekko 2, «Temahuset»

kyrkja.no/fjell

INNLEVERINGSFRIST
for annonser og kunngjeringar til neste utgåve av Fjell Kyrkjeblad: 12. august.

# Tid for åndeleg vekst

Vi har lagt bak oss den store festmånaden mai, med viktige nasjonale merkedagar. 8. mai markerte vi fridomsdagen, og 17. mai feira vi at vi i 1814 fekk grunnlova som sikra oss sjølvstende.
Mai er også ein månad for staseleg feiring av våre unge konfirmantar som har nådd ein viktig milepæl i livet. Konfirmasjonen handlar om fridom og sjølvstende. Konfirmantane har nådd den alder, oppfostring og opplæring som dei treng for å ta ansvar for sitt åndelege liv. Konfirmanttida byrjar om hausten og vert avslutta ved konfirmasjonsdagen. Det er ei tid til å reflektere over viktige spørsmål om trua på Jesus og meininga med livet.
Gratulerar til alle som nyss er konfirmerte, og velkomen til alle dei som skal gå inn i konformanttida til hausten.
På side 8 og 9 finst det informasjon om oppstart av konfirmantåret 2016/17, og påmeldingsdatoen er allereide no i juni.

Kva trua på Jesus og eit åndeleg liv med Gud handlar om, kan du lese om i andakta på side 3, som har overskrifta «Omvendelse og tilgivelse». To viktige nøkkelord dersom ein ønsker åndeleg vekst. Tilgjeving av synd set oss fri frå bitre kjensler mot oss sjølv og andre. Og omvending er, som prosten skriv i andakta, ikkje kun å skifte meining, men å skifte retning i livet.

Skifte retning gjorde ei stillferdig misjonskvinne frå Fjell sokn, då ho i 1965 reiste frå heimplassen Kolltveit og halve jordkloden rundt til Nepal i Himalaya, for å hjelpe folket der både praktisk og åndeleg. På side 4 og 5 kan du lese om sjukepleiar og misjonær Klara Kolltveit Pedersen som leia oppbygginga av helseutdanninga i Nepal, og som er skriven inn i landets utviklingshistorie. Ho er ei av Sotras føregangskvinner som gjorde ein innsats det står respekt av, og som vi kan fryde oss over.

Fryd og gaman kan vi få gjennom musikk, og på side 6 kan du lese om Orgelfest i Fjell kyrkje og om det store felles gospelprosjektet med Askøy, som sangglade fjellsokningar kan hive seg med på.

Men livet er ikkje berre gaman, det er også ein strid. På side 7 står det ei orientering om dei store og omstridte endringane som Den norske kyrkja er inne i.

Nye generasjonar kjem til, og på side 10 og 11 kan du lese om kva som skjer på trusopplæringsdagane i Fjell.

På side 12 finn du oversikt over gudstenestene i sommar. Ei påminning til oss alle ved starten av sommaren: Bruk fridtida klokt, slik at den fører til åndeleg vekst. God lesnad og god sommar!

Margit Liljan Apelthun

Sotra Reviderte

**Vokalensemblet Sotra Reviderte**
For alle som vil synge i a-capellakor.
Vi øver tirsdagar kl. 19.00-21.30
i kyrkjelydssalen Fjell kyrkje

**Program våren 2016:**

**Sommerkonsert 5. juni**
**i Fjell kyrkje**

**Sotra Reviderte skal på tur til sjømannkirken på Costa Del Sol, El Campanario, høsten 2016.**
Innøving av konsertprogram gjøres i løpet av våren.

**Vil du vere med,**
**– vil du synge i kor?**
Du er hjarteleg velkomen!

*Ta kontakt med:*
*Styreleiar Jarle Hauge, 482 84 287*
*Dirigent Olav Sørheim, 926 15 988*

# Den norske kirke eget rettssubjekt

**Stortinget fattet 10. mai et vedtak som kommer til å bli omtalt i historiebøkene.**

Fra 1. januar 2017 er Den norske kirke et eget rettssubjekt. Alle kirkens statsansatte blir fra årsskiftet kirkelig tilsatt. Etter hundre år med kirkereformer og stadig styrkede nasjonale og internasjonale rettsnormer for vern av religionsfriheten, framstår Den norske kirke tydeligere som et trossamfunn. Organisatorisk, til dels også rettslig, har Den norske kirke fått en identitet ved siden av, og adskilt fra, statlige og kommunale myndigheter. Fra årsskriftet overføres myndighet og arbeidsoppgaver fra staten til kirken. Blant annet vil drøyt 1600 prester og andre kirkelige medarbeidere som i dag er statsansatte, få kirken som arbeidsgiver fra og med 1. januar 2017. (kirken.no)



# Omvendelse og tilgivelse

**Treenighetssøndag 22.05.16**
**Luk 24:45-48**



*Illustrasjonsfoto: iStock*

**Misjonsoppdraget**
Da Jesus begynte sitt offentlige virke, forkynte han: «Tiden er inne. Guds rike er kommet nær. Vend om og tro på evangeliet!» (Mark 1,15). Med dette programmet åpnet Jesus porten til Guds rike, og lot folk forstå at tiden nå var moden for et nytt budskap som kunne forandre menneskers tro og liv. Det gjaldt å vende om og gå i motsatt retning. En ny vandring kunne begynne. Da Jesus før sin himmelfart tok avskjed med disiplene, la han inn over dem at de skulle bringe evangeliet til alle mennesker. Budskapet de skulle gå med var det samme som Jesus selv forkynte.
I prekenteksten på treenighetssøndag leser vi: «Jesus åpnet deres forstand så de kunne forstå skriftene.»
Jesus gav altså disiplene nøkkelen til å forstå Det gamle testamente slik at de oppdaget at Skriften var full av antydninger og profetiske ord som peker på Ham som Messias - Frelseren: «For i ham har alle Guds løfter fått sitt ja». (2 Kor 1:20) Jesus hadde under sitt jordeliv sett at hans vei ville gå gjennom lidelse til herlighet. Men disiplene skjønte ikke dette. – Etter Jesu oppstandelse så de den indre sammenheng i Jesu liv og gjerning, og de lærte en ny måte å lese skriftene på.
Denne nye forståelsen av skriftene fikk også en radikal betydning for deres egne liv. For slik den oppstandne Jesus tolket skriftene, var også kirkens misjon forankret i det profetiske ordet. I Kristi navn og på Jesu fullmakt skal omvendelse forkynnes, og på grunnlag av Hans fullbrakte soningshandling vil omvendelsen føre til tilgivelse for syndene. Jesus begrunnet det med at Han nå hadde fått all makt i himmelen og på jorden. Dypest sett er det løftet til Abraham, Israels stamfar, som nå skulle realiseres: «I deg skal alle slekter på jorden velsignes.» (1 Mos 12:3)
Skriftens indre sammenheng med Jesus fra Nasaret som sentrum, gjorde det klart at adressaten for budskapet var «alle folkeslag». Messias, Jesus, har fullendt sin jordiske misjon – lidelse, død og oppstandelse – og i hans navn skal omvendelse og tilgivelse nå forkynnes.
Denne forkynnelsen skal føre mennesker til et nytt syn og nye veivalg, for det skjer en forandring når vi møter Jesus. Noen ganger er denne forandringen brå og tydelig, andre ganger skjer den som en sakte demring. I Bibelen er ikke omvendelse først og fremst knyttet til å skifte mening, men mer til å skifte retning. Et nytt syn på Jesus gjør det også tydeligere at jeg er ansvarlig for livet mitt i vid forstand, og at jeg trenger tilgivelse, både fra Gud og mine medmennesker. Tilgivelsen knyttes til omvendelsen. I luthersk kristendom legges det vekt på at omvendelse og tilgivelse er en dynamisk tilstand vi lever i til vi dør.

**Prost Erling Kopperud**



# innhald


| | |
|---|---|
| Side 4-5 | Til Nepal med ein bodskap om både helse og frelse |
| Side 7 | Kyrkjemøtets omstridte vedtak |
| Side 9 | Konfirmant i 2017? |
| Side 10-11 | Trusopplæringsdagane |
| Side 12 | Gudstenester i Fjell, Foldnes og Landro |

# Klara frå Kolltveit er skriven inn i

**Ei stillferdig kvinne frå Fjell kommune er skriven inn i historien til eit fjellfolk i Himalaya. Sjukepleiaren og misjonæren Klara Kolltveit Pedersen spela nemleg ei viktig rolle under oppbygginga av helseutdanninga i Nepal.**

AV INGALIS APELTHUN MALMO

Ho var ei føregangskvinne, kystkvinna frå Sotra som drog til fjells i Himalaya. Klara Kolltveit Pedersen var fødd på Kolltveit i 1922. Som godt vaksen reiste ho ut som misjonær til Nepal i 1965. Ho arbeidde trufast på sin post i 17 år.

### Sette spor

Klara hadde gode administrative evner, og misjonssjukehuset ho leia i byen Tansen vart ein modell for sjukepleiarutdanninga i landet. Klara gjorde ein slik dugeleg innsats, at nepalesarane meinte ho var verd ei minneplate.

– Kvar finn vi minnesmerket i heimkommunen etter denne unike kvinna, som har betydd så mykje både åndeleg og timeleg for tusenvis av menneske i Nepal? Det spør fjellsokningen, Håkon Lie frå Liaskjæret, då han var på ferie ved foten av Himalaya. På sjukehuset i Tansen fekk Lie sjå ei minneplate til ære for misjonskvinna frå Fjell kommune.

Turisten frå Sotra var på rundreise med ei gruppe frå Norsk Lærarakademi i Bergen då dei besøkte misjonssjukehuset i Tansen, som blei bygd av den norske ingeniøren Odd Hoftun i 1962.



*Fjellsokningen Håkon Lie frå Liaskjæret dro på tur til Himalaya. Der fann han ei minneplate over misjonærkvinna frå Kolltveit.*



*Klara Kolltveit Pedersen (1922-2009)*

Lie hadde i oppveksten høyrt om Klara frå Kolltveit som var misjonær i Nepal, men omfanget av hennar misjonsinnsats hadde han ikkje forstått.

At ei kvinne frå Sotra hadde betydd så mykje for utviklinga av helsestellet i fjellandet Nepal var direkte overraskande.

### Sokker til Afrika

Håkon Lie kjente til at misjonskvinnene i mest kvar ei bygd på Vestlandet gjorde ein viktig jobb for verdas fattige.

Det er mange som har laga vitsar på «kvinnene som strikka ullsokkar til Afrika». Men Lie har respekt for kvinnene som trufast året gjennom sydde, hekla og strikka til misjonsbasarar, for slik å samle inn pengar til misjonærar som var sendt ut i heile verda, frå Afrika til Kina, frå Madagaskar til Nepal. Misjonskvinnene støtta misjonærane i bøn og med økonomisk hjelp heile vegen.

– Det fantastiske er at den «brannen» desse kvinnene var med å tenne for Jesus der ute, brenn framleis, presiserer Håkon.

### Helse og frelse

Klara Kolltveit Pedersen hadde ei solid utdanning og god yrkeserfaring bak seg då ho første gong dro til Nepal i 1965, - handelsskule, bibelskule, 3-årig sjukepleiarutdanning ved Ullevål sjukehus, eit år ved Norges Høgare Sykepleieskule, praksis som avdelingsleiar ved Haukeland Sjukehus og lærar ved Noregs Høgare Sykepleieskole.

Allereie etter kort tid i teneste vart ho utfordra på både administrasjon og leiarskap ved sjukehuset i Tansen.



*Klara var sjukepleiar på sjukehuset i Tansen, Nepal.*

Klara hadde tru for at misjonærane kunne finne nye vegar for å gje folket i fjellandet ein betre levestandard gjennom utdanning og praktiske eksempel.

Nauda og utfordringane var stor for dei fyrste som kom som misjonærar til Nepal tidleg på femtitallet. Det var naturleg å bruka mykje tid til helsearbeid og sosial hjelp i tillegg til forkynning av den glade bodskapen.

Ho visste og at det låg eit stort arbeid framføre dei, - for langt over halvdelen av borna i Nepal var underernærte og svært mange born i landet overlevde ikkje sitt fyrste leveår.

På denne tida var det omlag 300 lækjarar til 12 millionar menneske – og helsetenesta i Nepal brukte på den tida ca. kr. 2,50 pr. innbyggjar pr. år.

### Sjukdom og matmangel

Det er lett å forstå at når folk vert alvorleg sjuke vitjar dei fyrst dei lokale medisinmennene før dei tek ut på den lange vegen til næraste sjukehus. Denne turen kunne vera ein marsj på mellom to og ti dagar, og den sjuke ofte måtte berast.

Dette kosta både tid og pengar, noko

# fjellandet Nepal si historie



nepalesarane mangla. Folk flest på landsbygda var, og er, heilt avhengig av utplanting og innhausting. Hvis ikkje det blir gjort til rett tid vil familien ganske enkelt stå utan mat. Det vart ofte deira store dilemma.

Sjukehuset i Tansens beste skussmål ville vera om folk som kom til sjukehuset kunne reisa frisk heimatt, meinet misjonæren frå Kolltveit.

Alt midt på 70-talet kunne ho melda at i løpet av eitt år hadde dei hatt 2.500 innlagde pasientar og behandla 38.000 menneske poliklinisk.

## Opplæring

Det var eit stort pluss om pasientane eller dei som fylgde med til Tansen kunne lese, for då fekk dei oppleve stor tilgang på kristen litteratur.

Familiemedlemer fylgde med den sjuke til sjukehuset og var der heile tida for å lage mat og stelle for den sjuke. Likevel skjøna Klara fort at dei i tillegg trong mange folk til praktiske oppgåver utanom lækjarar og sjukepleiarar til å hjelpe seg. På Tansen sjukehus begynte dei å lære opp unge gutar som sjukepleiarar — nokre også til røntgen- og laboratorieteknikarar.

Fleire sjukehus blei bygd i dei åra Klara arbeidde i Nepal. Det medisiske fakultetet ved Nepals universitet starta med toårig utdanning av helsearbeidarar og ville at sjukehuset i Tansen skulle ta seg av den praktiske delen i utdanninga.

Slik gjekk det til at elevane var i Tansen i minst fire månader. Styresmaktene hadde planar om å byggje ut helsetjenesta ved å opne «helsepostar» rundt i alle distrikt. Til det trong dei mange helsearbeidarar, og i 1977 hadde 250 studentar vore gjennom opplæringsprogrammet. Då hadde Klara vore 12 år i teneste i Nepal.

## Overtru og vrangførestillingar

Dette året fekk dei i oppgåve å utdanne unge menn som helsearbeidarar i eit eige eitt-årig program.

Dei fekk pålegg av styresmaktene å utdanne 80 helsearbeidarar pr. år. Klara og medarbeidarane var glade at dei sjølv fekk utarbeide skuleplanen og slik kunne vektlegge førebyggjande, opplysande og behandlande verksemd. Det fanst framleis mykje overtru og vrangførestillingar ute i det nepalske samfunnet. Til dømes levde dei i den tru at om born fekk meslingar skulle dei ikkje ha mat. Dette førde til katastofe og halvdelen av dei som fekk denne barnesjukdomen døydde av underernæring.

På sjukehuset i Tansen var opplæringa slik at det praktiske og teoretiske gjekk hand i hand. Når elevane hadde lært å setja BCG-vaksine, så drog dei ut i distrikta og vaksinerte. Når dei hadde lært kor viktig det var for folket å ha reine vasskjelder - så drog dei ut for å hjelpe og ordne eksisterande vasstanker og kjelder rundt ikring. Slik ville sjukehuset setja ungdomane i stand til å ta ansvar i møte med samfunnet og handtere og hjelpe mennesker i akutt naud. Etter endt utdanning fekk dei seg arbeid ved helsepostane i distriktet og svært mange fekk leiaransvaret direkte. Frå sjukehuset vart det etterkvart eit vidtrekkande helsearbeid rundt i distrikta.

«Nauda er stor! Jo lenger ut i periferien vi får hjelpe folk, dess betre», skreiv Klara i brev.

## Brev frå Nepal

Ein nevø av Klara, Svein Arthur Pedersen, kan fortelja at breva frå Nepal var ein viktig del av oppveksten.

– Tante Klara, som var langt borte, kom nær gjennom breva ho skreiv og sende heim til Kolltveit.

«Me lengtar etter å få oppleva vekkjing også i Nepal, få sjå at dei mange kunne finna vegen som fører til livet. Me prisar Gud for kvar ein som blir lagt til kyrkjelydane på dei ymse stader, og ventar på å få sjå større ting».

Dette er noko av det Klara skreiv i eit brev heim tidleg på syttitallet. Då hadde ho alt i mange år hatt si teneste ved Tansen sjukehus, både som øverste leiar for alt som hadde med sjukepleie å gjere og som leiar av sjukepleiarskulen i Palpa-distriktet.

Klara hadde som mål å nå ut til folk med undervisning og førebyggjande helsearbeid. Slik fekk ho til eit samarbeid mellome «helsepostane» og sjukehus som kom folket til gode.

Sjukehuset i Tansen ligg i ein fjellskråning. «Når mørkret kjem på ligg den der og lyser som eit Soria-Moria-slott i nattemørkre», skreiv Klara i eit brev heim.

## Gledelig gjensyn

Omlag ti år etter at ho hadde vore nøydd å reisa heim på grunn av helsa, fekk Klara til si store glede koma ein tur attende til Nepal.

– Det var stort, fortalde ho.

Då ho kom til Tansen i 1965 hadde det vore i underkant av hundre menneske som var kristne. Då ho kom attende var det berre i landsbyen Tansen vakse fram to store kyrkjelydar.

Det vesle frøet av tru ho hadde vore med å så ut, hadde blitt til eit stort tre, med greiner langt inn til dei mest bortgøymde dalane.

Klara Kolltveit Pedersen var i mange år engasjert i Tibetmisjonen her heime, og har hatt si tid som styreleiar der.

I 2009, året etter at Nepal vart opna opp for fri utøving for all reigiøs tru, kunne den trufaste tenaren i Tibetmisjonen (no HimalPartnar) flytta heim til himlen.

Gravsteinen til Himalayamisjonæren står ved Fjell kyrkje. Men ein æresbauta som fortel historien finst ikkje ...

# Crouch-tribute med Terje Kleppe

**Gospelmessen CREDO ble fremført i Fjell kyrkje av et felles prosjektkor fra Fjell og Askøy. Dette var så kjekt at vi klemmer til med et nytt prosjekt like over sommeren.**

Helgen 3.-4. september setter vi av til en Crouch-tribute med et stort prosjektkor under ledelse av Terje Kleppe. I tillegg til øvingshelgen blir det en øvingskveld onsdag 24. august. Helgen avsluttes med stor konsert i Strusshamn kirke.

Kirken på Askøy står som arrangør for prosjektet, men alle som vil kan melde seg på prosjektkoret, uansett hvor man bor.

Terje Kleppe, musiker, lærer, komponist, arrangør, pianist og dirigent vil lede innøvingen og fremføringen. Mange har sett og hørt ham i aksjon som leder for GospelCompagniet, som fast akkompagnatør til Rune Larsen og



*Terje Kleppe.*

Marianne Juvik Sæbø – og ikkje minst som inspirerende instruktør på ulike korprosjekter landet rundt.

**Gospel**

Ingen som noen gang har møtt Terje er i tvil om at det er gospelmusikken som ligger hans hjerte nærmest. Hvorfor det ble slik?

– Min musikerfremtid ble antakelig lagt da jeg som 16-åring kjøpte min første LP-plate: Take me back, med Andraé Crouch. Han ble den store innen gospelsjangeren for meg, som for så mange andre. Det er ikke uten grunn at han ble kalt for Gospelkongen, sier en entusiastisk Terje Kleppe.

– Siden Andraé Crouch døde i 2015, har det vært holdt Crouch-tribute-konserter over hele landet. Sangene treffer deg dypt i sjelen, med sine enkle, evangeliske tekster og like enkle, men geniale melodier: Jesus is the answer, Take me back, Soon and very soon, To God be the glory.

Meld deg på prosjektkoret og gi deg selv en stor opplevelse!

**Datoplan CROUCH-tribute-prosjekt**

Torsdag 26. mai. Øvingskveld (har vært når bladet kommer ut)

Onsdag 24. august kl 18.30-21.30: Øvingskveld i Strusshamn kirke

Lørdag og søndag 3.-4. september: Øvingsdager. Konsert søndag kveld.

Konserten blir med fullt gospelband. Alle samlinger + konsert blir i Strusshamn kirke. Fleire detaljer om prosjektet finner på www.kirken-askoy.no og på Facebook (Kirkene på Askøy). Påmelding til: kantor@kirken-askoy.no




# Spaniatur for sangglade

**Vokalensemblet Sotra Reviderte drar 7.-11. okt 2016 sydover til Sjømannskirken El Campanario på «Solkysten» i Spania.**

Det blir en kombinert konsert/sosial-tur. Det er lenge siden vi har reist utenlands med koret, så nå føler vi tiden er moden for det! Vi er godt i gang med planlegging av både opptredener og andre sosiale aktiviteter.

Oppholdet er lagt opp som en langhelg, og allerede på lørdagen skal vi ha konsert i den fine sjømannskirken. Det blir nok også noen sanger i patioen ved «lørdagsgrøten» på forhånd, så folk kan høre hva de har i vente! Søndagen skal vi synge og delta på gudstjenesten. Vi har også planlagt en Cruz de la mision, som er en «pilgrimsvandring» i fjellene ved den lille byen Mijas. En tur i grottene ved Nerja skal vi også få tid til før hjemreisen tirsdag.

Sotra Reviderte er stadig åpen for nye medlemmer i koret, så om du liker å synge/ vil bli flinkere til å synge/ er ledig om tirsdagskveldene, ja, da må du gjerne ta kontakt med musikalsk leder Olav Sørheim (92 61 59 88), eller styreleder Jarle Hauge (48 28 42 87).

# Kirkemøtets vedtak om likekjønna vigsel

**Kirkemøtet i april i år hadde oppe sak om likekjønna vigsel. Det ble vedtatt at det skal utformes liturgier for dette. Disse blir med all sannsynlighet vedtatt på neste kirkemøte, i januar 2017. Først etter at liturgiene er vedtatt av kirkemøtet vil det være mulig med likekjønnet vigsel.**

I vedtaket blir det slått fast at det ikke er enighet om dette spørsmålet i kirken. Med vedtaket er det to forskjellige syn, eller lærer, om dette i kirken. Flertallet i kirkemøtet mener at dette, selv om det er et alvorlig spørsmål, ikke er av en slik art at det trenger å splitte kirken.

«Kirkemøtet viser til tidligere vedtak som understreker at uenighet i dette spørsmålet, teologisk bedømt, ikke er av en slik karakter at det gudstjenestelige og sakramentale fellesskapet i Den norske kirke må brytes.»

Et mindretall i kirkemøtet mener det er kirkesplittende.

Det presiseres i vedtaket at begge syn skal ha rom i kirken, og kan komme til uttrykk, ikke bare i liturgiske ordninger, men og i undervisning og forkynnelse. Ingen kan med andre ord bindes til å undervise mot egen overbevisning i synet på ekteskapet.

Vedtaket gir alle som ønsker vigsel rett til å vies i sin kirke. Soknerådene, eller menighetene har ingen innflytelse på dette.

Det er prosten sin oppgave å skaffe prest til vigselen. Den enkelte prest har rett til å velge om han eller hun vil foreta vielse av likekjønnede. Kirkemøtet oppfordrer til at andre kirkelige ansatte skal få samme valgmulighet når det gjelder medvirkning i vielser. Her i menighetene i Fjell vil kirkevergen legge til rette for dette.

Det er ingen tvil om at dette er et stort og krevende tema i kirken. Mange har et sterkt engasjement i saken, og det ligger tunge etiske og Bibelteologiske overveielser til grunn for engasjementet. Det handler om synet på ekteskapet, om synet på Bibelen, og om synet på hva det vil si å være skapt i Guds bilde. Om hva Guds



*Fra Kirkemøtet. Foto: kirken.no*

kjærlighet er, og om forståelsen av syndsbegrepet. Det oppleves krevende for mange at en ikke kommer til enighet om dette.

Folk i kirken trekker ulike konsekvenser av vedtaket i denne saken. For noen vakte vedtaket glede, mens for andre vakte det sorg. Noen har valgt å melde seg ut av kirken. Noen bruker tid på å finne ut hvilke konsekvenser de vil trekke, mens andre venter for å se hva som skjer lokalt her hos oss. For mange trengs det en fornyet gjennomtenkning av hva som kreves for enhet i kirken, og hva man kan leve med av uenighet.

Saken har vært samtalt om i kirkestaben, og i soknerådene. Og prestenes syn etterspørres i formelle og uformelle sammenhenger.

Sokneprestene i Fjell, Foldnes og Landro vil redegjøre for sitt syn i neste kyrkjeblad.

### Under følger kirkemøtet sitt vedtak i sin helhet

På kyrkjemøtet i Trondheim i april ble det gjort følgende vedtak:

1. Kirkemøtet erkjenner at spørsmålet om homofilt samliv og vigsel av likekjønnede par er en sak som Den norske kirke etter lange samtaler og flere utredninger ikke har lykkes å enes om.

2. Kirkemøtet viser til tidligere vedtak som understreker at uenighet i dette spørsmålet teologisk bedømt ikke er av en slik karakter at det gudstjenestelige og sakramentale fellesskapet i Den norske kirke må brytes. Begge syn på likekjønnet ekteskap kan derfor gis rom og komme til uttrykk i kirkens liturgiske ordninger, undervisning og forkynnelse.

3. Et flertall i Kirkemøtet mener at det i tillegg til dagens liturgier for ekteskap og forbønn for borgerlig inngått ekteskap mellom kvinne og mann, må utarbeides tilsvarende liturgier som inkluderer likekjønnede par og som kan brukes overfor alle par.

4. Et mindretall i Kirkemøtet ønsker ikke kirkelig vigsel av likekjønnede par fordi det strider mot deres forståelse av ekteskapet. De av mindretallet som støtter dette vedtaket, tar likevel til etterretning Kirkemøtets sammensetning, og at slike liturgier derfor vil bli utarbeidet og implementert.

5. Kirkemøtet forutsetter at disse liturgiene innføres som ordinære liturgiske ordninger. De gjøres gjeldende i hele Den norske kirke slik at alle medlemmene kan inngå ekteskap i sin lokale kirke.

6. Kirkemøtet fastslår at prester har frihet til å velge om de vil foreta vigsel av likekjønnede par eller forbønn for borgerlig inngått ekteskap mellom likekjønnede. Andre kirkelig ansatte bør også ha en tilsvarende mulighet til ikke å medvirke ved den kirkelige handlingen.

(Vedtatt med 88 av 115 stemmer)

### Ønske om kyrkjeleg vigsel for likekjønna par i Fjell kommune

Dersom nokon ønskjer vigsel for likekjønna par her i Fjell, må ein ta kontakt med Fjell kyrkjekontor og bestille vigsel. Dette gjeld for medlemer i Den norske kyrkje som er busett i Fjell kommune, dvs har folkeregistrert adresse i Fjell kommune.

Det er prost og kyrkjeverje som er ansvarleg for å legge til rette for at vigsel for likekjønna par i Fjell kommune kan gjennomførast.

Gjennomføring av kyrkjeleg vigsel for likekjønna par kan først skje etter at ny liturgi er vedteke på Kyrkjemøtet i 2017.

TERJE AANNERØD,
sokneprest i Fjell

BORGHILD HUSTAD BERGE,
Fungerande kyrkjeverje i Fjell

## Sommerleir på Wallemtunet

Bli med på lek og moro, grilling, fjellturer, fotball, volleyball, sporløp, spennende kubbespill-kamper og mye annen moro.

På leir treffer du gamle og nye venner. Det er godt fellesskap, aktiviteter og samlinger der vi får høre spennende fortellinger fra Bibelen.

Sommerleirene på Wallemtunet er et av årets store høydepunkter, og leirstedet ligger i flotte naturomgivelser på Kvamskogen.

Sommerleir 7-10 år. fredag 24. til søndag 26. juni 2016.

Sommerleir 11-14 år mandag 27. til torsdag 30. juni 2016.

Meld dere på til: bergen@sondagsskolen.no eller telefon 907 72 703

Arrangør er Søndagsskolen Bergen krets og Acta – barn og unge i Normisjon.




# Konfirmant i kyrkja i 2017?

**Vi vil med glede invitere deg som er fødd i 2002 til ei spanande konfirmasjonstid i Fjell, Foldnes og Landro sokn skuleåret 2016/2017!**

I konfirmanttida får du mellom anna ta del i engasjerande undervisning, delta på artige ungdomsarrangement, bli kjend med nye folk og avslutte året med ein flott konfirmasjonsdag.

Konfirmantåret er med andre ord innhaldsrikt, her er noko av det du som konfirmant får ta del i:

**Undervisning:**
I løpet av året skal du vere med på ni ulike samlingar der du får lære meir om Gud, Bibelen, kyrkja og kva det vil seia å vere døypt og å vere kristen. Undervisningssamlingane er i kyrkja etter skuletid.

Vi har òg eigne samlingar for dei av konfirmantane som av ulike grunnar treng individuell tilrettelegging.

**Bli med på MILK-kurs og lær meir om samarbeid og organisering, kristen tru, leiaransvar, kyrkja/ungdomsarbeid, kommunikasjon, deg sjølv og andre...**




**Du får...**

- Del i eit supert fellesskap
- God opplæring i korleis ein kan vere ein god leiar
- Lære meir om trua
- Innsikt i korleis kyrkja sitt ungdomsarbeid er organisert
- Leiarerfaring frå ulike praksistadar
- Kursbevis

**Du binder deg til:**

- Å møte på alle seks samlingene
- Å vere med på lederweekend i september
- Å delta på tildelt praksis

**Meld deg på via linken:**

**kyrkja.no/funk/milk**

Sjølve kurset er gratis, og du får deltakarmateriell og kveldsmat kvar gong. Leiarweekend, som er starten på heile kurset, kostar 350,- kr. Økonomi skal aldri vere noko hindring, ta difor kontakt med Ungdomsprest Maria Tveten (maria.tveten@fjell.kommune.no) om det er vanskeleg å kunne betale for weekend.

**Håpar du vil vere med!**

Helsing ungdomsarbeidar Eirik Austeng og ungdomsprest Maria Tveten



## «TMF – Sommerens store happening»

**Bli med på Tenmisjons-festivalen.**

Mandag 1. august til fredag 6. arrangeres TMF på Åpta camping på sørlandet. Det blir en uke med Jesus, sommer, masse happenings og aktiviteter, bading, telttun, radio og beachparty.

Dit skal VI, og vi vil ha med deg!

Er du ferdig med 8. klasse og under 19 år kan du være med. Sjekk ut «TMF-Tenmisjonsfestivalen» på facebook.

